

Vedtak i fellesnemnda i Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

1. Fellesnemnda vedtek alle tiltak, om organisering, slik dei framkjem i rapporten med unnatak av dei tiltaka som er nemnde i punkt 2-10. Fellesnemnda ber om at prosjektrådmannen legg fram ein gjennomføringsplan i eit seinare møte i fellesnemnda.
2. Fellesnemnda vedtek å fusjonera SundVA med FjellVAR som får det nye namnet ØyVA(R). Selskapet må vera operativt frå 01.01.2020. Reglane om verksemdsoverdraging i arbeidsmiljølova (§ 16) gjeld. Arbeidet med denne prosessen startar straks og vert sikra med juridisk bistand.
3. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen om å utarbeida ei fagleg og økonomisk utgreiing om ulike løysingsalternativ for renovasjonstenestene som syner fordelar og ulemper for innbyggjarane samt ei konsekvensanalyse som avdekkjer ulike økonomiske forhold ved å behalda renovasjonstenestene i ØyVAR eventuelt i BIR. Konsekvensanalysen bør ta utgangspunkt i kva som er den beste løysinga for innbyggjarane. Dette arbeidet vert starta straks.
4. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen å greia ut vidare eit alternativ med etablering av eit eige næringsutviklingselskap (Øygarden næring og utvikling AS). Saka må avklara arbeidsoppgåver, finansiering og langsiktige driftsforhold. Arbeidet med dette startar opp hausten 2018. Utgreiinga bør ta utgangspunkt i Innovasjon Norge sitt prosjekt for regional næringsutvikling.
5. Fellesnemnda vedtek å greia ut vidare eit alternativ med etablering av eit eige eigeidomselskap for kommunale næringseigedomar (Øygarden næringseigedom AS). Arbeidet med dette kan utsettast til den nye kommunen er etablert.
6. Fellesnemnda vedtek å organisera kommunale utleigebustader som eit kommunalt føretak (KF). Eventuell overføring av andre kommunale bygg og eigedomar blir å komme attende til etter at den nye kommunen er etablert.
7. Fellesnemnda vedtek at Øygarden brann og redning (ØBR) vert organisert som eit kommunalt føretak (KF).
8. Fellesnemnda vedtek å føra eigarskapen og samarbeidet med Trigger Jobb AS vidare. Nye Øygarden kommune må gå i dialog og etablere faste eigarmøte for å utvikla samarbeidet vidare, jf. uttale frå Trigger Jobb AS. Dette arbeidet vert starta snarast råd.
9. Fellesnemnda vedtek at Nye Øygarden kommune vert medlem av nettverket «Sunne kommunar» frå 01.01.2020.
10. Fellesnemnda vedtek at eventuelt medlemskap for Nye Øygarden kommune i VestNorges Brusselkontor frå 01.01.2020, fyrst blir tatt stilling til ved behandling av budsjettet for 2020.